

**Leif Arne Døssland oppmodar kommunen om så snart som mogeleg å få orden på hytteavfallet i Uskedalen. Han er ein av dei som blir kravd for renovasjonsavgift.**

På heimesida til SIM les han at abonnentane skal finna hyttekonteinarane på ein sentral stad, til dømes på veg til butikk eller hovudveg. SIM skal sjå til at det vert rydda rundt konteinarane ved tømning og sprøyta for fluger o.l. når det er trong for det, heiter det.

Men Døssland viser til at det i Uskedalen ikkje er nokon kontainer for tida. Den vart fjerna fordi den blei nytta av fastbuande og fordi det vart ståande søppel utanfor.

Slik Døssland ser det blir dei no kravd betaling for ei teneste kommunen ved SIM ikkje leverer. Han synes dette er å rette bakar for smed.